

RAPPORTERING

Landbruksdirektoratet blei oppretta 1. juli 2014. Det har vore god stabilitet, få utskiftingar, og eit lågt sjukefråver. Som IA-bedrift arbeider direktoratet etter delmåla i avtalen.

Landbruksdirektoratet er opptatt av å fremje likestilling, mangfald og inkludering. Kvinneandelen blant leiarar med personalansvar er 37,5 pst., dette er tett opptil målet på 40 pst.

Det er merksemd på likeløn i samband med innplassering av nytilsatte og ved lokale lønsforhandlingar. Samla sett var kvinner sin andel av menn si gjennomsnittslønn 90,8 pst. per 31.12.2014, men blant ei stor stillingsgruppe som «rådgiverne» er det tilnærma likeløn.

Landbruksdirektoratet tilrettelegg også for inkludering av personar med nedsett funksjonsevne og/eller innvandrarbakgrunn gjennom den lokale IA-avtalen, rekrutteringsrutiner og samarbeid med NAV. Det blir også annonsert ledige rekrutteringsstillingar på Unge funksjonshemmedes jobbportal for personer med nedsatt funksjonsevne.

Sidan Landbruksdirektoratet blei oppretta i 2014 blir det ikkje rapportert på tidlegare år i tabellane.

Tabell 1 Stillingar etter løn og kjønn

Stillingsgruppe	Samla tal	Kvinner (pst.)	Menn (pst.)	Lønn, kvinner i pst. av menn
Samla i verksemda per 31.12	221	60,2	39,8	90,8
Leiarar med personalansvar	24	37,5	62,5	97,7
Leiarar utan personalansvar	6	66,7	33,3	70,4
Seniorrådgivarar	98	58,2	41,8	95,9
Rådgivarar	69	65,2	34,8	99,7
Sakshandsamarar	24	75,0	20,8	98,9

Tabell 2 Deltid, midlertidig tilsetjing, foreldrepermisjon og legemeldt sjukefråvær etter kjønn

	Deltid		Mellombels tilsetjing		Foreldrepermisjon		Legemeldt sjukefråvær	
	M %	K %	M %	K %	M %	K %	M %	K %
2014	0	4,52	1,81	1,81	1,36	3,62	1,3	3,7



Direktoratet er opptatt av å fremje likestilling, mangfald og inkludering.